

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 27

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Uvdal

Emne: Fisk i kosthaldet

Bygdelag: Kyrkjebrygda

Oppskr. av: Anna Samuelsen

Gard: Skogheim

(adresse): Uvdal

G.nr. 61 Br.nr. 5

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eige røinsle
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
og diverse andre.

SVAR
Saltvassfisk.
1.

Spørsmål 1-2 er ikkje aktuelt her i fjellbygda, men ~~der er all sansynlegheit for at~~ naar bøndan her i gamal tid kom ned til Kongsberg ell' "Branes" (Drammen) so leverte dei smør for aa fisk att med seg, men det er so lenje sea at ingen kan hukse det, det var isofall fyry ¹⁸ ~~60~~ aara daa daa det ikkje var noko faste handelssteer.

3.

Den fisken bøndan kjøpte var sei som turrfisk, noko slikt som sild - fersk - kona dei ikkje tak med seg herupaaver ana paa vintertid, men det var ikkje skikk og bruk det, Men dei kjøpte nok med seg noko salt sild i den tida, som byttevare daa sjølsagt.

4.

Etter det vart landhandleri var det "turfisk" aa faa kjøpt, ~~eg~~ og det var altid sei. Dei seinare aar kom det frøsin Torsk og stondo Auer i smaa tonner. No har me baade fersk sild og makrel. Etter fryseriet kom i Uvdal i 49 faa me frøsin fisk heile aare.

5.

Me kjøper mest fisken paa handelsstellun, det tref at nokon sler seg saman aa kjøper fraa fiskeridistrikta dei meiner vel aa faa den billigare der. Det var mest fersk sill dei kjøpte slik. daa hende det at dei flekte aa turka

den sjølve , men det var mest i 30 aara og mykje vart bru-
ka te røvsmat.

Sp. 6fell burt.

7.

Det vert ete mykje meir fisk her i bygde no ell før.
Ein av aarsakan er den, at det har voreso mykje struma i
Uvdal ,aa doktoran har finni ut at det kjem av jodmangel
i drikkevatne kann(vort) slik sjukdom ville forsvinne hvis
det vart bruka meir sjøfisk her si dei, og det har i den
siste generasjon synt seg at doktoran har rett.

sp 8 fell burt

9.

Laks har aldri vore bruka her hverken som kvardags eli'
helgemat. lo fell burt,me ha ikkje greie paa noko som hei-
te "ufisk".

Ferskvannsfisk.

11.

Det er ørret som er einaste fisken her. Ut i Norefjorden h
har dei røie ved sida av ørret den likna ørret,men er rau
onder buken dei rekne den for simplare ell' ørret aa mei-
ner den jaga ørreten, men her i Uvdal har me berre ørret
baade i Fonnebøfjorden (lengst ut i Uvdal) og i Uvdalsaae ~~like terjeill~~
like te fjells.I alle fjellvatnan paa Hardangervidda som
mesteparten høire til Uvdal herred er det stor og fin fjell-
ørret(Uvdal herred er akuratt so stort som heile Vestfold
fylke, naar me rekne med det Uvdal eig av Vidda).

12.

Det viktigaste fiske var øhausten fraa Larsøktier (lo au-
gust og utover) Daa vart det meste av det dei fiska i
fjelle laga til raakaafist baade til husbruk i jula og
tesalgs, det var og er ei god handelsvare.

Konservering av fisk.

13.

A) Nokon ana konsevering av fisk ell' salting er ukjendyt

6088

3.

14 og 15 fell burt og til 16 er berre aa si
rakafisk som før nemd.

Korleis ein lagar fisken til.

17.

Bet vert bruka baade koka og steikt fisk ettersom det
høve, kansje mest koka.

18.

I gamal tid ca. 1870-80 var de somme som koka fisken
i ~~sætprimblande~~ saltvatten, so tok dei fisken
upp og tok nokø av det vatner fisken var koka i og blanda
det upp med ~~sætprimblande~~ og hadde litegran karve i. Andre
hadde neri ~~ein~~ lita mjøljevning. Det var den aller elste
fiskesuppa. Somme siste mjølk og primblande i sammenmed
lite av fiskekrafta og hadde det til sør, men daa bruka
dei ikkje karve iblandt (Al^f fiskesuppe kalla dei ~~smør~~
"sør" i gamal tid.) Var fiskenlite salta paa før, hadde dei
ikkje salt i sør. Var han ikkje saltet hadde dei lite salt
i vatne ettersom dei sjølve lika det, nokon maal bruka dei
ikkje. Dei salta ikkje fisken etter han var koka.

19.

Fisken vart steikt i panne -i smør.

Lutefisk.

20.

Dei luta tørfisken sjøl, det er berre nokon faa aar sea
dei fek kjøpt'n luta i butikkan.

21.

Gammaldags fiskesuppe har eg skrivi om i sp. 18.

22.

Fiskesuppe.

Fiskesuppe var vanleg mat, før kalla dei suppa foor sør.
var først i seinare aar at dei tok til aa ha gullrøta
i fiskesuppa. Fiskesuppe bli bruka no som før, men er
laga meir paa moderne vis med jevning og sur fløite i

23. Det vart ikkje laga suppe paa ana ell' ferskvansfisk her. Nokon koka fisken i berre sot mjølk.

Sild.

24.

Før aat det berre salta sild. Det var helst i lurdagen dei hadde sild te meddags. Den vart ete med poteter og flabred til. No i dei seinare aar fer me frøsin fersk sild og daa steike me den som fist og brukar den oftare til meddagsmat.

Sillegrynn var ein ukjend mat her til i 1894 daa ei svigerinne og ein bror min flutte hit fraa Tromsø, sea vart den maten brukta av og til, men den har ikkje vunne stor inngang.

Den vart laga av salt sild og havregryn.

Fiskepudding vart aldri laga her. Ferdiglagda fiskepudding har vore aa faa kjøpt i mange aar.

Hermetiserte fiskeboller og fiskekaker har vore tesalgs her fraa 1890 aara.

Særskilte fiskeretter.

29-30-

28.

31.32.33-34-35-36- fell burt allesaman , det
heire nok sjøfiske til og er ukjendt her.

Tilegg Skaldyr.fell burt.

Alt dette er ukjendt her.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

.18

ME . ja no ivrige om oppmerksomhet

ca 1900-1910-talet, jen skrev tav oppmerksomhet
etterlært mi os litt med oppmerksomhet om stikkene i Jotunhaugen
te ha vist dem os vortu die oppmerksomhet oppmerksomhet i
hjemmet, so